

NR. 22, 84. ÅRGANG

TORS DAG

21. FEBRUAR 2019

morenytt.no

LAUSSAL KR 30,-

Nummer **1** i Ørsta-Volda

Møre-Nytt

Velkommen innom
FOR FAGLEGE RÅD OG RETTLEIING



HUDPLEIEKLINIKKEN
Profesjonell make up

Vikegata 24, Ørsta
70 06 74 00/402 39 849




FOTO: ARNE OLA GRIMSTAD



Fiber-jubel

Martha og Jostein Hanebrekke fekk overraskingsbesøk av Tussa då dei vart fiberkunde nr. 10.000. **SIDE 2 OG 3**

Måtte avvikle

For dårlege rammevilkår gjorde at Kvitevareservice i Ørsta måtte avvikle. **SIDE 4**



Språkrefs for hallnamn

Språkrådet er oppgitt over namnet Volda Campus SpareBank 1 Arena. **SIDE 5**

● Musikkelevane imponerer

– Beste til no

«The best musikal, ever», skriv Møre-Nytt sin meldar om årets musikal frå musikk

elevane ved Volda v.g. skule. Scenografi og framføring imponerer. **SIDE 8 OG 9**

VI GJER ALT
for at du skal handle

Extra Billig



GRANDIOSA PIZZA
Pepperoni 500 g eller original 575 g. Per stk.



**PLUKK OG MIKS
SESONGENS FREISTINGAR**

Ananas heil, per stk., Mango per stk., Appelsin per kg., Honningmelon heil per kg, og mandarin per kg.

16.90




Gjeld veke 8. Med atterhald om utseid og trykkfeil.

Stryn 7-23 Volda 8-22 (20) Fosnavåg 7-23 Hareid 7-23 (8-21)

coop.no/extra
Coop Extra Norge @extra_norge

EXTRA
EXTRA STORT UTVAL TIL EXTRA LAGE PRISAR





WHO WANTS TO LIVE FOREVER?: Marie Brænde og Julie Kolnes.



HALVE TRUMP-GJENGEN: Musikk frå filmen «Ghostbusters».



«THE TWILIGHT SAGA»: Julie Orlien som mor Theresa.



FRÅ FILMEN «SISTER ACT II». SOLISTAR MED KOR: Lovise Yri og Lea H.L. Magerøy. ALLE FOTO: ARNE OLA GRIMSTAD

The best musical, ev

Kvar helst skal ein stakkars bladfyk begynne? Etter nesten to timar med musikk, dans, solosong og korsong, i eit totalt nytt og fantasifullt sceneopplegg, med levande bilete, men lyseffektar vi sjeldan ser maken til-, og med musikk som går rett i hjarterota og pressar tårene fram, meir enn sidemannen bør leggje merke til, og med humor og lått og hovudristing over alt desse ungdommane frå mu-

sikklina får til ...

Nei, kvar skal ein begynne? Eg har vore så heldig å få vere ein slags journalist på mesteparten av musikalane musikklinja har presentert, så eg kan godt seie eg har bakgrunn for det eg no vil påstå: Eg treng ikkje vere president i IOC for å bruke ein slik president sine ord, litt omskrivne: Til musikklinja ved Volda vg. skule, elevlar og lærarar, dette var the best musical -ever!

Når så rektor ved skulen seier det slik at dette er den største tankaren

dei har lagt ut med, og ordførar Stein Aam utan blygsel tordnar ut i si takk og helsing: Det er typisk Søre Sunnmøre å vere best!-, då står det att å sitere Per Sivle i eitt av sine historiske dikt: Og likare menn enn han hadde no, hev aldri Norig sendt ut på sjo!

Det var mesteparten av skrytet. Og dei som fekk det til å koke i teatersalen på kulturhuset vil truleg vere samde, sjølv om det alltid er vanskeleg å samanlikne frå år til år.

No må det for all del leggst til at

musikklineelevane har hatt eit godt og rikt samarbeid med elevane på medium og kommunikasjon. Slik sett er dette eit felles prosjekt som alle har drege nytte og glede av.

Back to the future, for the world's sake. For verda si skuld, attende til framtida. Her fekk vi formidla med til dels sterke bilete dei store og skremmande problema som vi menneske har stelt i stand, og som kanskje kan verte vår bane. Likevel, det var nesten fysisk frigjerande å oppleve finalen, med blomsterjenter,



FIOLIN: Sander Elias Andersen spelar tema frå «Schindlers liste» for dansaren Julijane V. Rømmereit.



«GODFATHER-THEME»: Johannes Davidsen og Karina Straume.

ver!

med begeistra ungdommar som trass alle mørke skyer kunne stråle ut «My heart Will Go On». Der er likevel von om noko betre. Så må eg berre sitere det ein frå publikum sa: Tenk, alle som burde få sjå dette programmet.

Og etter langvarig ståande applaus stega rektor ved skulen, ordføraren i Ørsta og representant frå Volda kommune opp med blomster og pengegåve (frå Volda). At rektor er stolt og takksam over å leie ein skule med slike gåverike elevar, er lett å

skjöne. Og ein nesten jublande ordførar frå Ørsta måtte streke under at her møtte vi elevar og talent frå heile Søre Sunnmøre. At dei må til Ørsta kulturhus for å syne seg fram slik, var han stolt over. Medan representanten frå Volda vona at om ikkje lenge kunne dei tilby like gode scenefacilitetar som i Ørsta.

Og dei som fekk blomster, kunne smile breitt. Og hadde denne bladfyken blomster, skulle eg i alle fall gi dei til dei som står bak det heile, til idemakarane, til dei som skriv og

legg planar, til alle fenomenale musikkarar, lærarar og elevar, og til dei som har instruert dans og song og regi, og til han som pakka heile scena inn i gråpapir som i fint og fiffig lys skapte nesten utruleg flotte stemningar.

●● **Det er typisk Søre Sunnmøre å vere best!**

Ordførar Stein Aam

Eg tok nesten to hundre bilete under programmet. Hardaste taket har vore å plukke ut eit rimeleg utval. Kanskje avisa legg ut fleire på nettet. Og så må folk nytte høvet og få med seg denne store opplevinga.

ARNE OLA GRIMSTAD
redaksjon@morenytt.no

Sjå fleire bilete på morenytt.no